

Aura 2, uttale til konsesjon for utviding og istandsetting.

- 1. Sandvatnet må inn på kartet og det bør og greiast ut om endringar i vassmiljøet mellom Hallarvatnet og Dalavatnet.**
- 2. Litlevatnet og Sandvatnet bør attskapast med botntetting og oppdemning.**
- 3. 5. kvart år bør det i Aura og Litldalelva sleppast vatn ein dag eller to.**
- 4. Det bør i konsesjonen krevjast at utbyggaren alar fram fisk som har ein sjanse til å overleve i det fri.**
- 5. Statkraft bør sjå nøyare på utbygging til Eikesdalen**
- 6. Statkraft bør greie ut [overføring, elve og bekkjakraftverk](#)**
- 7. Aursjøvegen må bli verkeleg fri.**

1. Sandvatnet på kartet og med vassmiljø

Sandvatnet øvst i Litldala, er ikkje med på oversiktskarta eller som utsnitt i delplanane. Det er truleg derfor det ikkje er greidd ut om vassmiljøet i vassdraget mellom Hallarvatnet og Dalavatnet.

Sandvatnet må inn på kartet og det bør og greiast ut om endringar i vassmiljøet mellom Hallarvatnet og Dalavatnet

2. Sandvatnet attskaping.

Å ta vare på vassdrag så naturleg, som mogeleg er overordna i EU sitt vassdirektiv.

Før reguleringa i 1953 var det 3 vatn i Litledalen; Dalavatnet, Litlvatnet og Sandvatnet.

Etter dei første Aurareguleringane, er Litlevatnet og Sandvatnet tørrlagte om vinteren og i tørre perioder. Vatna har store lekkasjar i botnen.

Dalavatnet som er djupt og demt med ei stor og grov ur, lekk slik at det nedstraums, i Litldalselva, er «stabil» vannføring og om vinteren. Dalavatnet bør ikkje tettast.

Sommeren 1956 var det eit brot på jorddammen som demte Reinsvatnet. Terskelen i utlaupsosen av Sandvatnet vart øydelagt i flaumen.

Vatna var et viktig og fint bidrag i eit spanande landskap. Litlvatnet og Sandvatnet var gode aurevatn.

Litlevatnet og Sandvatnet bør attskapast med botntetting og oppdemning.

Litlvatnet, 120 da, som i tørre perioder er sandørken, bør botntettast med ein membran (bentonitt?) i et større område nær utosen.

Sandvatnet, 70 da, som i tørre perioder er eit elvefar, bør demmast med ein høveleg terskel eller betongdam og tettast i botn 50-100 meter ovafor utosen.



3. Overlaup til Aura og Litldalselva

Større maskinar og grovare vassvegar gjer at det sjeldnare blir overlaup. Når det er overlaup, blir dei regulerte og delvis tørrlagde elvene reinska. Dei vil no bli skogkledde.

I utgreiinga er det skreve at overlaupa kvart 5. år ikkje har betydning for den midlare vassføringa og vassmiljøet. Det er feil. Flaumreinsking gjergodt for botnmiljøet.

5. kvart år bør det i Aura og Litldalelva sleppast vatn ein dag eller to slik at vassdraget bli reinska.

4. Fiskeslepping

Kvart år blir det sleppt toårige aure i Aursjøen, Osvatnet og Reinsvatnet.

I Eira blir det sleppt laksesmolt og settefisk av sjøaure. Sleppinga blir gjort for å bøte på minska naturleg øksling.

I dei regulerte fjellvatna. Overlevinga har vorte dårlegare dei siste åra.

Sjå om [prøvefiskinga i Osvatnet og Reinsvatnet](#) og [undersøkinga av Aursjøen i 2017](#)

Årsaken til den dårlegare overlevinga er at det blir sleppt stor og «dum» fisk som og har skadar på finnane.

I Eira har og overlevinga av laksemolten vorte dårlegare. Årsaken er og at fisken ikke har vakse opp i eit mijø som gjer at han kan vekse opp i det fri.

Det bør i konsesjonen krevjast at utbyggaren alar fram fisk som har ein sjanse til å overleve i det fri.

I fjellet kan det gjerast med at rogn blir planta opp i elvene. Det kan setjast rognkasser oppe i til dømes Stordalsåa og Vangsåa.

I Eira kan smolten alast fram i mærdar som står i Eikesdalsvatnet.

Desse måtane vil og gje lavare kostnadar

Finneskadd fisk frå Aursjøen;



5. Utbygging Eikesdal med pumpestasjon

Kraftsystemet vårt har bruk for regulerbar kraft. Magasinering og store maskiner som dette prosjektet, hjelper på. Dersom Aura II blir bygd i Eikesdalen maskiner som og kan pumpe, vi anlegga bli endå meir regulerbara. Eira vil då få att mykje av vatnet som er teke bort.

Statkraft bør sjå nøyare på utbygging til Eikesdalen

6. Elve- og bekkjakraftverk

I dalane omkring Auraanlegga er det bygd mange elve- og bekkjakraftverk. Slike små kraftverk kan og byggast innover fjellet. Kraftverka vil bestå av eit inntak, ein tunnel og eit maskinanlegg. Alt vil bli mestå usynleg. Verka kan bli fjernovervåka og -styrt.

Det kan [byggast anlegg](#) i Skarvdalselva-Osvatnet, Skjelbreivatnet-Aursjøen, Svartdalsvatnet-Aursjøen, Vangsvatnet-Aursjøen, Vangsvatnet- Aursjøen og Høvelbotn-Gravdalen.

Jora som no renn ned Lågen og er med på å lage store flaumar, kan førast inn i Aursjøen gjennom 6 km tunnel og gjer meir kraft frå Aura II.

Statkraft bør greie ut [overføring, elve og bekkjakraftverk](#) som kan byggast når Aura II er ferdig. Det kan blir Aura III

7. Aursjøvegen som verkeleg fri.

Då Aurotbygginga var aktuell første gongen, for over hundre år sia, vedtok Sunndal kommunestyre i møtet 1912-04-19 eit [krav til Ragnvald Blakstad](#); «3. Adgang for kommunens innvånere til avgiftsfrit at benytte selskapets koier og veier».

Seinare har det i konsesjonen av 1953 og revisjonen av 2021 slege fast at vegane skal vere frie; «*Veger, bruer og kaier som anleggenes eier bygger, skal stilles til fri avbenyttelse for almenheten*».

Då krafta vart bygd ut fekk grunneigarane erstatning. Kommunane fekk erstatning, konsesjonsavgift, konsesjonskraft, naturressursskatt og eigedomsskatt. Meningmann fekk fri veg til fjells.

Dessverre må det no betalast bompæng for å nytte dei frie vegane. Det var ikkje meininga.

Aursjøvegen må bli verkeleg fri.

Opptaking av vegen tidleg om våren før Statkraft har nytte av open veg, kan kostast med brøyteavgift.

Sunndalsøra 2026-01-12

Helsing Erling Rød